



*Eidfjord fjellstyre
Ullensvang fjellstyre
Odda fjellstyre
Røldal fjellstyre*

Røldal/Ulvik 06.09.18

Opning av grenser siste del av villreinjakta 2018

Saksutgreiing:

Røldal fjellstyre v/ leiar Torleif Fresvik har teke initiativ for å opne grensene for villreinjegerar med kort på Eidfjord- Ullensvang- Odda- og Røldal fjellstyre siste del av jakta. Det er ynskjeleg at samjaktavtala trer i kraft f.o.m.13. september, og gjeld t.o.m. 23. september (jaktslutt).

Bakgrunn for framlegget er å auka moglegheita for ei god avskyting slik at Veterinærinstituttet får inn tilstrekkeleg prøvar til analyse. Det er og viktig at fjellstyra ynskjer å sette inn ekstra tiltak for å synleggjere at me og er opptatt av å få inn flest mogleg prøvar.

Jakta så langt har for dei nemnde fjellstyra vore rimeleg god, og fleire av jegerane har jakta seg ferdig. Dette betyr at ein ikkje vil risikere store jegerkonsentrasjonar mellom dei jegerane som framleis har att løyve.

Torleif Fresvik har i forkant av dette skrivet vore i kontakt med leiarane i fjellstyra for å informere om tiltaket.

I veileder M- 478 for 2016 til forskrift om forvaltning av hjortevilt side 44, sies følgende:

"For en statsallmenning kan fjellstyret inngå fellesjaktavtale med andre vald innenfor området uten at det anses som et vedtak som faller inn under fjelloven § 27 første ledd. En fellesjaktavtale gjelder for ett år om gangen og krever derfor ikke godkjenning (stadfesting) av Miljødirektoratet (fjelloven § 27 tredje ledd). Det vil også være adgang til å la statsallmenningen inngå i et større vald uten slik godkjenning, under forutsetning av at allmenningen opprettholdes som et eget jaktfelt der tildelingen av jaktkort følger fjellovens regler."

Gjensidig forpliktande samjaktavtalar er ikkje heimla i fjelloven. Samjaktavtalen er ikkje eit vedtak og kan derfor ikkje påklagast jf. Forvatningslova §28.

Røldal Fjellstyre –5760 Røldal

Leiar: tlf 917 95 085- epost: leiar.roidal@fjellstyrene.no Sekretær: tlf 902 13 685- epost: roidal@fjellstyrene.no
www.hardangervidda-fjellstyra.no

Framlegg til vedtak:

Eidfjord fjellstyre (HA-283), Ullensvang fjellstyre (HA-282), Odda fjellstyre (HA-281) og Røldal fjellstyre (HA-280) inngår gjensidig samjaktavtale for villreinjegerar med løyve på nemnde statsallmenningar f.o.m. 13. september t.o.m. 23. september 2018. Noverande fredingssoner vil gjelde heile perioden.

Kvart einskild fjellstyre informerer sine jegerar slik at dei er gjort kjend med vedtak om samjakt. Det er og viktig at informasjonen vert lagt ut på fjellstyra sine heimesider og spreidd i sosiale media (facebook) for dei av fjellstyra som har det. Røldal fjellstyre kontaktar Hardanger Folkeblad.

Vedtak:

Samrøystes

